

Til deg som likar å synge.

Har du lyst å bli med i eit kor?  
Då er du velkomen til å bli med i  
eit nytt barnekor.

Vi skal ha øving  
kvar torsdag ettermiddag  
i Sandnes kyrkje.  
Dirigenten vår  
heiter Else Iren.

Har du lyst til å vere med,  
kan du ta ein prat med dei heime om du kan få lov til det.

Så vonar vi at du dukkar opp når koret tek til med øvingane.  
Vi gled oss til å verte kjend med deg.



Beste helsing  
Else Iren og Rune

Til dei vaksne:

Masfjorden sokneråd har bestemt at vi som ei prøveordning for skuleåret 2024/2025 vil starte opp eit barnekor, og ynskjer alle born i Masfjorden frå og med andre klasse og oppover, velkommen til å vere med.

Øvingane er lagt til Sandnes kyrkje om torsdagane mellom klokka 17:30 og 18:45.  
Øvingstidene er tilpassa ferjeruta – klokka 17:20 frå Duesund, og retur klokka 18:55 frå Sandnes.

**Fyrste øvingsdag vert torsdag 5. september.**

Dirigent for dette koret er Else Iren Westervik, som mange sikkert kjenner som ein dyktig songlærar i kulturskulen.

Det skal ikkje koste noko å vere med. Soknerådet har bestemt seg for å fullfinansiere kostnadane for koret i dette prøveåret. Men det er fint om de foreldre kan bidra med litt dugnad: Spesielt i den mørke årstida er det fint om det er ein voksen som kan fylgje borna frå ferjekaia og opp til kyrkja – og ned att til ferja etter øving. Det er også greitt at det er ein voksen til stades under øvinga, som kan hjelpe til med praktiske ting som saftblanding og fruktskjæring etc.

For at de foreldre skal få litt meir informasjon om dette tilbodet og innhaldet i det, inviterer vi til **orienteringsmøte i Sandnes kyrkje, torsdag 29. august kl. 17:30 – 18:45.**

Her vil de få litt meir detaljert informasjon om kva planar som er for koret og arbeidet med det, og det vil vere høve til å stille spørsmål. Vel møtt!

Masfjordnes, den 20. august 2024.

*Else Iren Westervik*

Dirigent/trusopplærar

*Rune Garmann*

Leiar Masfjorden sokneråd